

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Signe Eikenes

Arkivsaksnr.: 05/00012

---

## **Transportplan for Vestlandet**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Fylkesrådmannen tilrår at arbeidet med Transportplan for Vestlandet med omfang, organisering og framdrift vert sett i gang i samsvar med det som går fram av saksutgreiinga. Det skal setjast av kr 500.000,- til ekstern hjelp til arbeidet.

Vestlandsrådet vil nytte ein dag i august /september til ei temasamling om transport på Vestlandet der vi inviterer næringslivet og interesseorganisasjonar til å delta.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **SAMANDRAG**

På møte i Vestlandsrådet 06. oktober 2004 vart det vedteke å starte opp arbeidet med Transportplan for Vestlandet. Hovudmålet med ein samla transportplan for Vestlandet vil vere å synleggjere felles transportpolitiske prioriteringar og satsingsområde på Vestlandet inn mot det statlege arbeidet med Nasjonal transportplan. Planen skal også vere ein arbeidsreiskap for å påverke rammevilkåra for person- og næringstransport på Vestlandet og for å løyse felles utfordringar.

I arbeidet med transportplanen skal vi ha fokus på

- 1) Næringstransport og
- 2) Persontransport

Vi må sjå på dei ulike transportformene i samanheng, og i tillegg til transport i nord /sør retning på Vestlandet må vi ha med aust /vest transport og transport til /frå utlandet.

Eit første utkast av planen skal presenterast på Vestlandsrådet sitt siste møte i 2005.

### **1. Bakgrunn**

Følgjande transportområde er aktuelle i ein samla transportplan for Vestlandet:

- ♦ Samla utvikling av E 39 Kyststamvegen
- ♦ Samordna utvikling av transportknutepunkt
- ♦ Samordna utvikling av hamnesamarbeid
- ♦ Samordna utvikling av vegsamband aust – vest
- ♦ Samordna utvikling av tiltak på det øvrige riksvegnettet
- ♦ Samordna utvikling av luftfart og flyplass-struktur
- ♦ Samordna organisering av bompengeprojekt
- ♦ Samordna utvikling av kollektivtilbodet

Arbeidet må vere klart til neste revisjon av Nasjonal transportplan (2010-2019) og vere ferdig handsama i fylkeskommunar og Vestlandsrådet innan 2007.

### **2. Alternative vinklingar i planen:**

Når vi skal utarbeide ein samla transportplan ser vi to ulike vinklingar av arbeidet:

#### **Alternativ 1:**

Her tek ein føre seg dei ulike transportområda kvar for seg og drøftar dei for å finne optimale løysingar. Eks luftfart, sjøtransport, vegtransport, jernbanetransport. I tillegg kan vi ha ei underinndeling med nord-sør, aust-vest og utlandet.

#### **Alternativ 2:**

Her set vi fokus på transport i eit samfunnsperspektiv og deler det i dei to hovudtransportformene: Persontransport og Næringstransport. I tillegg kan vi ha ei underinndeling i nord-sør, aust-vest og utlandet.

Fylkesrådmannen meiner vi bør gå for alternativ 2.

Med utgangspunkt i vedtaket 06. oktober 2004 føreslår fylkesrådmannen følgjande mål for arbeidet:

Hovudmålet med ein samla transportplan for Vestlandet vil vere å synleggjere felles transportpolitiske prioriteringar og satsingsområde på Vestlandet inn mot det statlege arbeidet med Nasjonal transportplan.

Planen skal også vere eit arbeidsreiskap for å påverke rammevilkåra for person- og næringstransport på Vestlandet og danne grunnlag for å løyse felles utfordringar.

### 3. Organisering av planarbeidet:

Styringsgruppe: Samferdselssjefane i dei fire vestlandsfylka utgjer styringsgruppa for arbeidet.

Prosjektgruppe: Sogn og Fjordane fylkeskommune har sekretariatansvaret for utarbeidinga av planen. Medarbeidarar frå dei andre fylkeskommunane og frå Statens vegvesen blir med etter behov.

Referansegruppe /samarbeidsgruppe: Representantar frå Statens vegvesen, Jernbaneverket, Kystverket, dei største bykommunane, Avinor, NHO og LO. Andre kan og vere aktuelle.

Det vil i arbeidet bli lagt vekt på å ha ein løpande og ledig dialog med Vestlandsrådet.

### 4. Omfang av planarbeidet:

Arbeidet med Transportplan for Vestlandet skal munne ut i ein hovudrapport som summerer opp hovudutfordringane og satsingsområda innan næringstransport og persontransport. Planen skal vere på eit overordna strategisk nivå.

Vi ser for oss følgjande struktur på planen:

- ♦ Innleiing med bakgrunn, føremål, utviklingstrekk, prognosar, skildring av transportsystemet og plangrunnlaget. Dette må byggje på eksisterande strategiske analysar, planar og annan dokumentasjon.
- ♦ Prioriteringskriteria: Gjennom analysar av hovudutfordringane for nærings- og persontransport og politiske vedtak bør vi formulere kriteria for prioritering mellom transportformer, korridorar, strekningsvise tiltak, rassikringstiltak, sekkepostar og prosjekt. Vi skal ikkje prioritere mellom prosjekt, men planen skal vere eit grunnlag for å jobbe vidare med dette. Ut frå mål og strategiar i Vestlandsregionen, inklusive vedtekne fylkesdelplanar for samferdsel, vil vi føreslå følgjande strategiar for prioritering:

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Signe Eikenes

Arkivsaksnr.: 05/00012

---

- Sikkerheit
  - Miljø
  - Framkomst
  - Tilgjenge
  - Kostnader og finansiering
- ♦ Prioritering av tiltak ut frå kva som gjev best måloppnåing i høve visjon og mål for utviklinga av Vestlandet

Delrapportane Vest 39, Luftfart på Vestlandet og Trafikkanalyse aust-vest inngår i arbeidet. Trafikkanalysen er under utarbeiding av Statens vegvesen Region vest i samarbeid med Region sør.

Det vert utarbeidd ein informasjonsstrategi /kommunikasjonsstrategi for arbeidet.

### **5. Framdrift og økonomi:**

Vi legg opp til følgjande framdrift i arbeidet:

- ♦ Prosjektomtale Transportplan for Vestlandet opp i møte Vestlandsrådet 3./4.mars 2005.
- ♦ På bakgrunn av vedtaket utarbeider prosjektgruppa ein kvalitetsplan for arbeidet som vert godkjend av fylkesrådmannenn.
- ♦ Temadag i august /september der kommunar, næringsliv og interesseorganisasjonar får høve til å delta.
- ♦ Eit førsteutkast av transportplanen vert presentert på siste møte i Vestlandsrådet i 2005.
- ♦ Ferdiggjering og høyringsrunde i 2006

Det vil vere aktuelt å hyre inn ekstern hjelp til deler av arbeidet med transportplanen. Til dette må det setjast av kr 500.000,-.

### **6. Fylkesrådmannen si tilråding**

Fylkesrådmannen tilrår at arbeidet med Transportplan for Vestlandet med omfang, organisering og framdrift vert sett i gang i samsvar med det som går fram av saksutgreiinga. Det må setjast av kr. 500.000,- til finansiering av arbeidet.